

KOMMISJONSVEDTAK

2017/EØS/55/29

av 6. oktober 2009

om utforminga av den europeiske elektroniske bompengetenesta og dei tilhøyrande tekniske aspekta*[meldt under nummeret K(2009) 7547]*

(2009/750/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —
med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/52/EF av 29. april 2004 om samvirkingsevnen mellom elektroniske bompengesystemer i Fellesskapet⁽¹⁾, særleg artikkel 4, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I medhald av direktiv 2004/52/EF skal Kommisjonen definere den europeiske elektroniske bompengetenesta (European Electronic Toll Service, EETS) i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5 nr. 2 i det nemnde direktivet.
- 2) Éi avtale med éin EETS-utferdar bør gjere det mogleg for EETS-brukarar å betale bompengar i alle EETS-områda i det europeiske vegnettet i samsvar med artikkel 3 nr. 1 i direktiv 2004/52/EF, ved hjelp av mellom anna éi køyretøyutstyrseining som kan nyttast i alle EETS-område.
- 3) Dette vedtaket omfattar utveksling av opplysningar mellom medlemsstatar, bompengerevjarar, tenesteytarar og trafikantar med sikte på å sikre korrekt deklarasjon av bompengar som skal betalast innanfor ramma av EETS.
- 4) Innføringa av EETS vil medføre handsaming av personopplysningar, noko som skal skje i nøyte samsvar med dei aktuelle fellesskapsføresegnene som er fastsette i mellom anna europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF⁽²⁾ og europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/58/EF⁽³⁾.

- 5) Bompengerevjarane skal gje EETS-utferdarane tilgang til EETS-området sitt på ein ikkje-diskriminerande måte.
- 6) For å sikre alle EETS-utferdarar open og ikkje-diskriminerande tilgang til EETS-områda, skal bompengerevjarar offentleggjere alle naudsynte opplysningar om tilgangsrettar i ei EETS-områdefråsegn.
- 7) EETS byggjer på prinsippet om ei open teneste og effektiv og rettferdig prisfastsetjing.
- 8) Tvistar som oppstår mellom bompengerevjarar og EETS-utferdarar i samband med avtaleforhandlingar og avtaletilhøve, skal løysast gjennom ein framgangsmåte ved mekling. Bompengerevjarar og EETS-utferdarar bør rådføre seg med nasjonale forliksorgan for å løyse tvistar knytte til ikkje-diskriminerande tilgang til EETS-område.
- 9) For å oppnå effektiv forvaltning av ein rettferdig og ikkje-diskriminerande tilgang til EETS, noko som inneber førebygging av unødvendige administrative byrder, må dei nasjonale forliksorgana til medlemsstatane⁽⁴⁾ samarbeide tett om bruken av desse fellesskapsføresegnene og om handsaminga av eventuelle klagar, utan omsyn til ei eventuell rettsleg gransking.
- 10) Bompengerevjarar kan ha ulike innkrevningsmetodar for ulike kategoriar brukarar og/eller køyretøy, men skal handsame alle EETS-brukarar likt i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/123/EF av 12. desember 2006 om tjenester i det indre marked (tenestedirektivet)⁽⁵⁾.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 268 av 13.10.2009, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 121/2013 av 14. juni 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 67 av 28.11.2013, s. 26.

⁽¹⁾ TEU L 166 av 30.4.2004, s. 124.

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysningar og om fri utveksling av slike opplysningar (TEF L 281 av 23.11.1995, s. 31).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/58/EF av 12. juli 2002 om behandling av personopplysningar og personvern i sektoren for elektronisk kommunikasjon (TEF L 201 av 31.7.2002, s. 37).

⁽⁴⁾ Det er opp til kvar einskild medlemsstat å avgjere korleis eit forliksorgan med ansvar for meklingsfunksjonen skal gjennomførast i praksis, såframt krava i kapittel IV som sikrar alle EETS-utferdarane rettferdig tilgang til dei nasjonale EETS-områda, er oppfylte.

⁽⁵⁾ TEU L 376 av 27.12.2006, s. 36.

- 11) Bompengebeløpa som EETS-brukarane betalar, skal ikkje utgjere meir enn med eit tilsvarande nasjonalt/lokalt bompengesystem.
- 12) Bompengerevjarane kan, for nasjonale eller lokale føremål, halde ved lag eller opprette særskilde nasjonale eller lokale tenester med manuelle, automatiske eller elektroniske system. EETS er ei teneste som utfyller dei nasjonale eller lokale elektroniske bompengetenestene i medlemsstatane, men dersom ein medlemsstat har bompengesystem, skal han gjere dei tiltaka som er naudsynte for å auke bruken av elektroniske bompengesystem og leggje vinn på å sikre at minst 50 % av køyretøya ved kvar bomstasjon kan nytte elektroniske bompengesystem.
- 13) Bompengepolitikken byggjer på regelverket til Fellesskapet eller på nasjonal eller lokal lovgjeving, medan gjennomføringa av politikken er bompengerevjarane sitt ansvar. Kvar medlemsstat skal på ein ikkje-diskriminerande måte ta avgjerd om overvaking av bompengedeklarasjonar i samsvar med EU-regelverk der dette er relevant. EETS skal skaffe til vegar samverkande overvakingssystem som skal gjere det mogleg å avgjere om bompengane er deklarererte på riktig måte for dei køyretøya som ifølgje det som vert opplyst, nyttar EETS.
- 14) Den teknologien som gjer det mogleg å krevje inn bompengar, gjer fysiske sperringar overflødige, noko som gagnar trafikktryggleiken og medverkar til kortare bilkøar.
- 15) Bompengerevntene er vanlegvis med på å finansiere bygging og vedlikehald av transportinfrastruktur, men transportørar som ikkje betalar bompengar, tek av dei økonomiske midla frå medlemsstatane og Fellesskapet som er meinte for dette føremålet, og får ei urettferdig konkurranseføremøn i høve til dei transportørane som betalar, og misleghald av bompengelikta kan såleis undergrave dei transportpolitiske måla for trafikkstyring og bilkø- og ureiningshandtering.
- 16) Det bør fastsetjast grunnleggjande krav som skal gjelde for EETS i heile Fellesskapet.
- 17) EETS har tekniske og organisatoriske aspekt. Det må fastsetjast grunnleggjande krav for begge aspekta for å sikre samverknadsevne på alle plan i EETS. Det trengst tekniske spesifikasjonar for heile Fellesskapet, særleg med omsyn til komponentar og grensesnitt, for å oppfylle desse grunnleggjande tekniske krava.
- 18) For å oppfylle dei relevante føresegnene om framgangsmåtar ved tildeling av kontraktar i vegsektoren og særleg europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/18/EF⁽¹⁾, bør dei offentlege oppdragsgjevarane føre opp dei tekniske spesifikasjonane i konkurransekunngjeringane eller i anna dokumentasjon, som til dømes i allmenne dokument eller i vilkåra for kvar einskild kontrakt. Tekniske spesifikasjonar kan definerast med tilvising til visse dokument, og difor bør det utarbeidast tekniske spesifikasjonar som det kan visast til.
- 19) I samsvar med direktiv 2004/18/EF kan ein teknisk spesifikasjon definerast mellom anna med tilvising til ein europeisk standard eller ein harmonisert standard, ei europeisk teknisk godkjenning eller ein felles teknisk spesifikasjon. Harmoniserte standardar skal utarbeidast av eit europeisk standardiseringsorgan, som til dømes Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN), Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) eller Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar (ETSI), på oppdrag frå Kommisjonen, og tilvisingane til dei skal offentleggjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*⁽²⁾.
- 20) Det er i Fellesskapet si interesse at det finst eit internasjonalt standardiseringssystem som kan utarbeide standardar som faktisk vert nytta av aktørar innanfor internasjonalt handel, og som oppfyller krava i fellesskapspolitikken. Dei europeiske standardiseringsorganane bør difor halde fram samarbeidet med dei internasjonale standardiseringsorganane.
- 21) Det er mogleg at ytterlegare tekniske spesifikasjonar eller andre standardar må fastsetjast på eit seinare tidspunkt. Desse spesifikasjonane bør medverke til å utfylle EETS-krava som er vortne harmoniserte på fellesskapsplan.
- 22) Framgangsmåtane for vurdering av EETS-samverknadskomponentane med omsyn til spesifikasjonssamsvar og bruksdugleik bør byggje på dei modulane som er fastsette i europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 768/2008/EF⁽³⁾. Så langt det er råd og med sikte på å fremje utviklinga i dei aktuelle industriane, bør det utarbeidast framgangsmåtar som omfattar eit kvalitetstryggingssystem. Desse framgangsmåtane må gje dei melde organa høve til å vurdere EETS-samverknadskomponentane med omsyn til spesifikasjonssamsvar og bruksdugleik for å sikre at resultatet i prosjekterings-, bygge-, ibruktakings- og driftsfasen er i tråd med gjeldande regelverk og tekniske og driftsmessige føresegnar. Dei må òg gje produsentane høve til å rekne med lik handsaming i alle statar.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/18/EF av 31. mars 2004 om samordning av framgangsmåtane ved tildeling av offentlege bygge- og anleggskontraktar, kontraktar om offentlege varekjøp og kontraktar om offentlig tjenesteyting (TEU L 134 av 30.4.2004, s. 114).

⁽²⁾ Dei viktigaste delane i den nye metoden er fastsette i rådsresolusjon av 7. mai 1985 om en ny metode i forbindelse med teknisk harmonisering og standardisering (TEF C 136 av 4.6.1985, s. 1).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 768/2008/EF av 9. juli 2008 om en felles ramme for markedsføring av produkter og om oppheving av rådsbeslutning 93/465/EØF (TEU L 218 av 13.8.2008, s. 82).

- 23) Dei melde organa skal i størst mogleg grad samordne avgjerdene sine.
- 24) Samsvar med spesifikasjonane kan vise seg å ikkje vere tilstrekkeleg for å vurdere den driftsmessige samverknadsevna i praksis, og difor er det naudsynt med ei CE-merking av bruksdugleiken.
- 25) I artikkel 4 nr. 4 i direktiv 2004/52/EF er det fastsett at Kommisjonen skal gjere vedtak om utforminga av EETS i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er gitt Kommisjonen⁽¹⁾. Vedlegget til direktiv 2004/52/EF kan eventuelt endrast av tekniske grunnar i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5 nr. 2 i det direktivet.
- 26) Dette vedtaket byggjer på det arbeidet som er gjort i felleseuropeiske forskingsprosjekt⁽²⁾ med støtte frå Kommisjonen og med viktige aktørar til stades, og likeins det arbeidet som er gjort i ekspertgrupper oppretta av Europakommisjonen, med det føremålet å definere det nøyaktige innhaldet i og den organisasjonsmessige strukturen til EETS.
- 27) Etersom innføringa av EETS er viktig, bør Kommisjonen gjere ei vurdering 18 månader etter at dette vedtaket har teke til å gjelde. Ut frå konklusjonane i den førebels vurderinga av kor langt innføringa av EETS er komen, skal Kommisjonen med hjelp frå Utvalet for elektroniske bompengar gjere framlegg om naudsynte tiltak.
- 28) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for elektroniske bompengar som er oppnemnt i medhald av artikkel 5 nr. 1 i direktiv 2004/52/EF —

GJORT DETTE VEDTAKET:

KAPITTEL I

ALLMENNE FØRESEGNER

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

1. I dette vedtaket vert den europeiske elektroniske bompengetenesta (EETS) definert.

Dei tekniske spesifikasjonane og krava som er naudsynte for dette føremålet, og dei avtaleføresegnene som er knytte til yting av EETS, vert fastsette.

2. I dette vedtaket vert rettane og pliktene til EETS-utferdarar, bompenggeinnkrevjarar og EETS-brukarar fastsette.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette vedtaket tyder

- a) «EETS-område» eit bompengeområde som fell inn under verkeområdet for direktiv 2004/52/EF,
- b) «EETS-utferdar» ein juridisk person som oppfyller krava i artikkel 3, som er registrert i den medlemsstaten der han er etablert, og som gjev ein EETS-brukar tilgang til EETS,
- c) «EETS-brukar» ein fysisk eller juridisk person som inngår ei avtale med ein EETS-utferdar for å få tilgang til EETS,
- d) «samverknadskomponentar» alle grunnleggjande komponentar, gruppe av komponentar, deleiningar eller fullstendige utstyrseiningar som inngår i eller er meinte for å inngå i EETS, og som samverknadsevna til tenesta er direkte eller indirekte avhengig av, medrekna både materielle og immaterielle produkt, til dømes programvare,
- e) «utstyr i køyretøy» ei fullstendig samling av maskinvare- og programvarekomponentar som gjer det mogleg å nytte EETS, og som er installert i eit køyretøy med sikte på innsamling, lagring, handsaming og fjernmottak eller fjernoverføring av data,
- f) «bruksdugleik» den evna ein samverknadskomponent har til å oppnå og halde ved lag ei særskild yting under drift, typisk integrert i EETS i tilknytning til systemet til ein bompenggeinnkrevjar,
- g) «takstklasse» ei gruppe køyretøy som vert handsama likt av ein bompenggeinnkrevjar,
- h) «takstsystem» fordelinga i takstklassar av dei bompengane som skal betalast, slik bompenggeinnkrevjaren har fastsett,
- i) «teknisk spesifikasjon» ein spesifikasjon som fastsett i artikkel 23 og i vedlegg VI til direktiv 2004/18/EF,
- j) «bompengar» ei avgift, eit gebyr eller ein skatt som vert kravd inn i samband med at eit køyretøy vert nytta i eit bompengeområde,
- k) «bompenggeinnkrevjar» ein offentleg eller privat organisasjon som krev inn bompengar for køyretøy som vert nytta i eit EETS-område,

⁽¹⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

⁽²⁾ Prosjekta CESARE og RCI.

- l) «innkrevjingsdata» dei opplysningane som den ansvarlege bompenggeinnkrevjaren har definert som naudsynte for at bompengetaksten for eit køyretøy som vert nytta i eit særskilt bompenggeområde, kan fastsetjast, og bompengetransaksjonen slutførast,
- m) «bompengedeklarasjon» ei fråsegn til ein bompenggeinnkrevjar der det vert stadfesta at eit køyretøy har vorte nytta i eit bompenggeområde, utarbeidd i eit format som bompengetenesteytaren og bompenggeinnkrevjaren er samde om,
- n) «bompenggeområde» eit område innanfor EU-territoriet, ein del av det europeiske vegnettet eller ein konstruksjon som til dømes ein tunnel, ei bru eller ei ferje, der det vert kravd bompengar,
- o) «bompengoordning» eit sett med reglar, medrekna handhevingsreglar, som gjeld for innkrevjing av bompengar i eit bompenggeområde,
- p) «bompengetransaksjon» ei handling eller ei rekkje handlingar der ein bompengedeklarasjon vert sendt vidare til bompenggeinnkrevjaren,
- q) «parametrar for køyretøyklassifisering» dei køyretøyopplysningane som bompengane vert rekna ut etter på grunnlag av innkrevjingsdata.

KAPITTEL II

ALLMENNE PRINSIPP

Artikkel 3

Krav som EETS-utferdarane må oppfylle

EETS-utferdarane skal søkje om registrering i ein medlemsstat der dei er etablerte, og registreringa skal godkjennast dersom dei oppfyller følgjande krav:

- a) Dei skal vere sertifiserte etter EN ISO 9001 eller tilsvarande.
- b) Dei skal godtgjere at dei har det tekniske utstyret og den EF-fråsegna eller det sertifikatet som viser at samverknadskomponentane oppfyller krava i medhald av vedlegg IV nr. 1 til dette vedlegget.
- c) Dei skal vise at dei har kompetanse til å yte elektroniske bompengetenester eller innanfor andre relevante område.
- d) Dei skal ha høveleg økonomisk evne.
- e) Dei skal ha ein overordna risikohandsamingsplan som skal reviderast minst annakvart år.
- f) Dei må ha god vandel.

Artikkel 4

Rettane og pliktene til EETS-utferdarane

1. EETS-utferdarane skal inngå EETS-avtaler som dekkjer alle EETS-område, seinast 24 månader etter at dei er registrerte i samsvar med artikkel 19.

EETS-utferdaren skal til kvar tid dekkje alle EETS-områda. Dersom EETS-områda vert endra eller det av andre grunnar ikkje er mogleg å halde ved lag full dekning, skal tilbydaren syte for at det er full dekning igjen innan 6 månader.

2. EETS-utferdarane skal informere EETS-brukarane om EETS-områdedekninga si og om eventuelle endringar i dekninga.

EETS-utferdarane skal utarbeide ei årleg fråsegn til registreringsmedlemsstaten om EETS-områdedekninga.

3. EETS-utferdarane skal om naudsynt utstyre EETS-brukarane med køyretøyutstyr som oppfyller dei aktuelle tekniske krava som er fastsette i dette vedtaket. Dei skal leggje fram prov på at dei krava er oppfylte.

4. EETS-utferdarane skal overvake kvaliteten på tenestnivået sitt. Dei skal følgje reviderte driftsprosessar som gjer det mogleg med eigna tiltak når det vert oppdaga problem med tenesteytinga eller brot på integriteten.

5. EETS-utferdarane skal yte høvelege tenester og teknisk støtte for å sikre riktig individuell tilpassing av køyretøyutstyret. EETS-utferdarane har ansvaret for dei faste parametrane for køyretøyklassifisering som er lagra i køyretøyutstyret eller i informasjonssystemet til utferdarane. Variable parametrar for køyretøyklassifisering som kan endre seg frå tur til tur eller under den same turen, og som skal kunne leggjast inn i køyretøyet, må kunne konfigurereast gjennom eit eigna brukargrensesnitt.

6. EETS-utferdarane skal føre lister over køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent, og som er knytt til EETS-avtaler mellom dei og EETS-brukarane. Slike lister skal førast i nøye samsvar med fellesskapsføresegnene om vern av personopplysningar som er fastsette i mellom anna direktiv 95/46/EF og direktiv 2002/58/EF.

7. EETS-utferdarane skal offentleggjere avtalevilkåra som gjeld for EETS-brukarar.

8. I fakturaer som EETS-utferdarane utferdar til dei einskilde EETS-brukarane, skal administrasjonskostnadene til EETS-utferdaren skiljast tydeleg frå bompengane, og med mindre brukaren set seg i mot det, skal minst tidspunktet og staden bompengane refererer seg til, spesifiserast, og det same skal den brukarrelevante samansetnaden av særskilde bompengebeløp.

9. EETS-utforderane skal så snøgt som praktisk mogleg informere ein EETS-brukar om eventuelle manglande bompengedeklarasjonar som er knytte til kontoen hans, og gje han høve til å bringe kontoen i orden dersom dette er mogleg, før det vert sett i verk inndrivingstiltak.

10. EETS-utforderane skal samarbeide med bompengeneinnkrevjarane når dei set i verk slike tiltak.

Artikkel 5

Retrane og pliktene til bompengeneinnkrevjarane

1. Når eit EETS-område ikkje oppfyller dei vilkåra for EETS-samverknadsevne som gjeld med omsyn til prosedyrar og teknologi slik det er fastsett i direktiv 2004/52/EF og i dette vedtaket, skal den ansvarlege bompengeneinnkrevjaren vurdere problemet saman med dei partane som det gjeld, og såframt det høyrer inn under ansvarsområdet hans, gjere utbetringstiltak for å sikre samverknad mellom EETS og bompengesystemet. I så fall skal bompengeneinnkrevjaren informere medlemsstaten slik at det registeret som er nemnt i artikkel 19 nr. 1 bokstav a), vert ajourført.

2. Alle bompengeneinnkrevjarar skal utarbeide og ajourføre ei EETS-områdefråsegn som fastset dei allmenne vilkåra for at EETS-utforderane skal få tilgang til bompengedområda deira i samsvar med vedlegg I.

3. Bompengeneinnkrevjarane skal på ein ikkje-diskriminerande måte godta alle EETS-utforderarar som søker om å få yte den europeiske elektroniske bompengetenesta i det eller dei EETS-områda som bompengeneinnkrevjaren har ansvar for.

For at ein EETS-utforderar skal kunne godkjennast i eit bompengedområde, må han oppfylle dei allmenne vilkåra som er fastsette i EETS-områdefråsegna, med sikte på at forhandlingane kan slutførast innan den fristen som er fastsett i artikkel 4 nr. 1, og godkjenninga kan òg vere omfatta av særskilde avtalevilkår.

Dersom ein bompengeneinnkrevjar og ein EETS-utforderar ikkje vert samde, kan saka sendast over til det forliksorganet som er ansvarleg for det aktuelle bompengedområdet.

4. Dei bompengane som bompengeneinnkrevjarane krev inn frå EETS-brukarane, skal ikkje overstige dei tilsvarende nasjonale/lokale bompengetakstane.

5. Bompengeneinnkrevjarane skal godta alle typar fungerande køyretøyutstyr i EETS-områda sine frå dei EETS-utforderane som dei har inngått avtale med, når utstyret er sertifisert i samsvar med vedlegg IV og ikkje ført opp i ei liste over utstyr som ikkje lenger er godkjent, slik det er nemnt i artikkel 7 nr. 3.

Bompengeneinnkrevjarane skal føre ei lett tilgjengeleg, offentleg liste over alle EETS-utforderarar som dei har inngått avtale med, på nettstaden sin.

6. Ein bompengeneinnkrevjar kan be om at ein EETS-utforderar medverkar til umelde og detaljerte bompengesystemprøvingar som omfattar køyretøy som vert eller nyleg har vorte nytta i EETS-området eller -områda som bompengeneinnkrevjaren har ansvar for. Talet på køyretøy som vert underlagt slike prøvingar i løpet av eit år for ein viss EETS-utforderar, skal stå i høve til den gjennomsnittlege årlege trafikkmengda eller trafikkprognosane frå EETS-utforderaren for EETS-området eller -områda til bompengeneinnkrevjaren.

7. Dersom det oppstår feil i den europeiske elektroniske bompengetenesta som skriv seg frå bompengeneinnkrevjaren, skal bompengeneinnkrevjaren syte for at eit redusert driftsnivå gjer det mogleg for køyretøy med det utstyret som er nemnt i nr. 5, å gjere ei trygg passering med minst mogleg forseinking, og utan at det skal reknast som bompengeneundraging.

8. Bompengeneinnkrevjarane skal samarbeide med EETS-utforderarar og/eller produsentar og/eller melde organ på ein ikkje-diskriminerande måte med sikte på å vurdere bruksdugleiken til samverknadskomponentane i bompengedområda sine.

Artikkel 6

Innkrevjingsdata

Bompengeneinnkrevjarar skal melde frå om alle endringar i innkrevjingsdata til den eller dei medlemsstatane der bompengedområdet deira ligg, mellom anna når det gjeld følgjande:

- definisjonen av EETS-området, særleg den geografiske utbreiinga og den infrastrukturen som er underlagt bompengar,
- bompengetype og innkrevjingsprinsipp,
- køyretøy som vert omfatta av krav om bompengar,
- parametrar for køyretøyklassifisering (talet på akslar, største tillatne tilhengervekt, opphengstype osv.) og plasseringa deira i takstsystemet til bompengeneinnkrevjaren,
- dei påkravde bompengedeklarasjonane.

Artikkel 7

Bompengar

1. Bompengane skal fastsetjast av bompengeneinnkrevjaren mellom anna ut frå klassifiseringa av køyretøyet. Klassifiseringa av eit køyretøy skal fastsetjast på grunnlag av parametrane for køyretøyklassifisering i vedlegg VI. Dersom det er avvik mellom køyretøyklassifiseringa til EETS-utforderaren og bompengeneinnkrevjaren, skal klassifiseringa til bompengeneinnkrevjaren gjelde såframt det ikkje kan påvisast ein feil.

2. I tillegg til at ein bompenggeinnkrevjar kan krevje betaling frå ein EETS-utferdar for alle dokumenterte bompengge-deklarasjonar, kan han òg krevje at ein EETS-utferdar betalar for alle dokumenterte bompengge-deklarasjonar som manglar for ein brukarkonto som EETS-utferdaren forvaltar.

3. Dersom ein EETS-utferdar har sendt over til ein bompenggeinnkrevjar ei liste over køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent, slik det er nemnt i artikkel 4 nr. 6, skal EETS-utferdaren ikkje haldast ansvarleg for ytterlegare bompengar som kjem på ved bruk av slikt køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent. Bompenggeinnkrevjarane og EETS-utferdarane skal verte samde om talet på oppføringar i lista over køyretøyutstyr som ikkje lenger er godkjent, formatet til lista og kor ofte ho skal ajourførast.

4. I mikrobølgjebaserte bompengesystem skal bompenggeinnkrevjarane sende inn dokumenterte bompengge-deklarasjonar til EETS-utferdarane for bompengar som dei høvesvise EETS-brukarane deira skuldar.

Artikkel 8

Rekneskap

Dersom ein organisasjon både er bompenggeinnkrevjar og EETS-utferdar, skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at det vert utarbeidd og offentleggjort åtskilte resultatrekneskapar og balansar for dei to typane verksemdar, og at det ikkje finst kryssubsidiering mellom dei to verksemdsomsråda.

Rekneskapssystema for bompenggeinnkrevjings- og EETS-utferdingsverksemda skal haldast åtskilte og skilde frå rekneskapar for andre typar verksemdar, slik at det kan gjerast ei klar nytte- og kostnadsvurdering når det gjeld yting av EETS.

Artikkel 9

Rettane og pliktene til EETS-brukarane

1. EETS-brukarar som skal abonnere på EETS, kan fritt velje EETS-utferdar, utan omsyn til nasjonalitet, bustadsstat eller kva stat køyretøyet er registrert i. Når EETS-brukarane inngår ei avtale, skal dei verte tilbørleg informerte om korleis personopplysingane deira vert handsama og dei rettane dei har i medhald av gjeldande regelverk om vern av personopplysingar.

2. EETS-brukarane skal syte for at alle brukar- og køyretøydata som dei sender over til EETS-utferdaren, er korrekte.

3. EETS-brukarane skal gjere alle moglege tiltak for å sikre at køyretøyutstyret er i drift medan køyretøyet vert nytta i eit EETS-område.

4. EETS-brukarane skal nytte køyretøyutstyret i samsvar med tilvisingane frå EETS-utferdaren, særleg med omsyn til deklarasjonar av variable køyretøyparametrar.

5. Når ein EETS-brukar har betalt bompengar til EETS-utferdaren sin, skal betalingssskyldnaden som EETS-brukaren har overfor den aktuelle bompenggeinnkrevjaren, reknast for å vere oppfylt.

KAPITTEL III

FORLIKSORGAN

Artikkel 10

Oppretting og funksjonar

1. Alle medlemsstatar med minst eitt EETS-område skal oppnemne eller opprette eit forliksorgan for å lette mekling mellom bompenggeinnkrevjarar som har eit bompenggeområde innanfor territoriet til medlemsstaten, og EETS-utferdarar som har inngått eller forhandlar om avtaler med desse bompenggeinnkrevjarane. Forliksorganet skal særleg ha fullmakt til å undersøkje om dei avtalevilkåra som ein bompenggeinnkrevjar har pålagt ulike EETS-utferdarar, er ikkje-diskriminerande og på ein rettferdig måte speglar kostnadene og risikoane til avtalepartane.

2. Medlemsstaten skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at forliksorganet har ei organisatorisk og juridisk form som er uavhengig av dei kommersielle interessene til bompenggeinnkrevjarane og EETS-utferdarane.

Artikkel 11

Meklingsframgangsmåte

1. Ein bompenggeinnkrevjar eller ein EETS-utferdar bør be det aktuelle forliksorganet om å gripe inn i alle tvistar som har med avtaletilhøva eller avtaleforhandlingane deira å gjere.

2. Forliksorganet skal innan ein månad etter at det har fått ei oppmoding om å gripe inn, opplyse om det har motteke alle dokument som er naudsynte for meklinga.

3. Forliksorganet skal gje ei fråsegna om tvistar seinast seks månader etter at det tok imot oppmodinga om mekling.

4. For å lette oppgåvene til forliksorganet skal medlemsstatane gje organet fullmakt til å be om relevante opplysningar frå bompenggeinnkrevjarar, EETS-utferdarar og eventuelle tredjemenn som medverkar til ytinga av EETS i den aktuelle medlemsstaten.

5. Dei nasjonale forliksorgana skal utveksle opplysningar om arbeidet sitt, retningslinjene og metodane sine.

KAPITTEL IV

TEKNISKE FØRESEGNER

Artikkel 12

Éi gjennomgåande teneste

Medlemsstatane skal syte for at EETS vert stilt til rådvelde for EETS-brukarane som éi gjennomgåande teneste. Dette inneber følgjande:

- a) Når parametrane for køyretøyklassifisering, medrekna dei variable parametrane, er lagra og/eller deklarererte, er det ikkje naudsynt med andre aktive handlingar i køyretøyet i løpet av turen, med mindre køyretøyeigenskapane vert endra.
- b) Interaksjonen mellom brukaren og ein særskild del av køyretøyutstyret skal vere lik i alle EETS-område.

Artikkel 13

Krav som EETS må oppfylle

1. EETS skal oppfylle dei grunnleggjande krava som er fastsette i vedlegg III.
2. I tillegg til at EETS-køyretøyutstyret kan nyttast i samband med bompengetenester, bør det vere mogleg å nytte utstyret med andre posisjonsbaserte tenester i framtida. Bruken av EETS-køyretøyutstyr til andre tenester skal ikkje gripe inn i bompengefunksjonen i eit bompengedområde.

Artikkel 14

Samverknadskomponentar

1. Samverknadskomponentane, medrekna grensesnitt, skal oppfylle dei krava som er fastsette i vedlegg II.

Medlemsstatane skal rekne dei samverknadskomponentane som har CE-merking, for å vere i samsvar med dei relevante grunnleggjande krava.

2. Vurderinga av samverknadskomponentane med omsyn til spesifikasjonssamsvar og/eller bruksdugeleik, skal utførast slik det er fastsett i vedlegg IV.

EETS-samverknadskomponentane kan CE-merkast dersom dei er omfatta av EF-fråsegnene om spesifikasjonssamsvar og/eller bruksdugeleik.

3. Fråsegner om spesifikasjonssamsvar og/eller bruksdugeleik skal utarbeidast av produsenten av samverknadskomponentane, EETS-utførdaren eller ein representant i samsvar med vedlegg IV.

Innhaldet i fråsegna skal vere slik det er fastsett i del 3 i vedlegg IV.

4. Medlemsstatane skal ikkje med tilvising til dette vedtaket forby, avgrense eller hindre at samverknadskomponentane vert bringa i omsetning for bruk i EETS dersom dei er CE-merkete eller er omfatta av ei fråsegn om spesifikasjonssamsvar og/eller bruksdugeleik. Særleg kan dei ikkje krevje at det skal gjerast

kontrollar som alt er utførte som ein del av framgangsmåten for vurdering av spesifikasjonssamsvar og/eller bruksdugeleik.

5. Når tekniske spesifikasjonar som er relevante for EETS vert offentleggjorde etter at dette vedtaket vart gjort, skal Kommisjonen vurdere nytteverdien deira i samsvar med den framgangsmåten som er nemnt i artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2004/52/EF.

KAPITTEL V

VERNEKLAUSULAR

Artikkel 15

1. Dersom ein medlemsstat har grunn til å tru at CE-merkete samverknadskomponentar som er bringa i omsetning, etter alt å dømme ikkje vil oppfylle dei grunnleggjande krava når dei vert nytta til det tiltenkte føremålet, skal han gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å avgrense bruksområdet deira, forby bruken av dei eller trekkje dei tilbake frå marknaden. Medlemsstaten skal straks melde frå til Kommisjonen om dei tiltaka som er gjorde, og grunnge avgjerda si, og han skal særleg presisere om mangelen på samsvar skuldast

- a) at dei tekniske spesifikasjonane vert nytta på feil måte,

- b) at dei tekniske spesifikasjonane er mangelfulle.

2. Kommisjonen skal så snøgt som råd rådspørje dei partane som det gjeld.

- a) Dersom Kommisjonen etter samrådet slår fast at tiltaket er grunngeve, skal han straks melde frå til den medlemsstaten som det gjeld, og til dei andre medlemsstatane.

- b) Dersom Kommisjonen etter samrådet med dei partane som det gjeld, slår fast at tiltaket ikkje er grunngeve, skal han straks melde frå til den medlemsstaten som det gjeld, og til produsenten eller representanten hans som er etablert i Fellesskapet, og til dei andre medlemsstatane.

3. Dersom CE-merkete samverknadskomponentar ikkje oppfyller krava til samverknad, skal den rette medlemsstaten krevje at produsenten eller representanten hans som er etablert i Fellesskapet, syter for at samverknadskomponentane igjen oppfyller krava til spesifikasjonssamsvar og/eller bruksdugeleik på dei vilkåra som er fastsette av den medlemsstaten, og han skal melde frå til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane om dette.

Artikkel 16

Alle avgjerder som gjeld vurdering av samverknads-komponentane med omsyn til spesifikasjonssamsvar eller bruksdugleik, og alle avgjerder som er gjorde i medhald av artikkel 15, skal innehalde ei detaljert grunngeving. Dei skal så snøgt som råd meldast til den parten som det gjeld, saman med opplysningar om kva klagerett som kan nyttast i medhald av gjeldande lovgjeving i den aktuelle medlemsstaten, og dei tidsfristane som gjeld for slike klager.

KAPITTEL VI

ADMINISTRATIVE ORDNINGAR*Artikkel 17***Melde organ**

1. Medlemsstatane skal melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om alle organ som har fullmakt til å utføre eller overvake framgangsmåten for vurdering av spesifikasjonssamsvar eller bruksdugleik, slik det er nemnt i vedlegg IV, saman med opplysningar om ansvarsområdet til kvart organ og identifikasjonsnummeret som dei har fått frå Kommissjonen på førehand. Kommissjonen skal offentleggjere lista over organ saman med identifikasjonsnummera og ansvarsområda deira i *Tidend for Den europeiske unionen*, og halde lista ajourført.

2. Medlemsstatane skal nytte dei kriteria som er fastsette i vedlegg V, i samband med vurderinga av kva organ som skal meldast. Organ som oppfyller dei vurderingskriteria som er fastsette i relevante europeiske standardar, skal reknast for å oppfylle dei nemnde kriteria.

3. Ein medlemsstat skal trekkje tilbake godkjenninga av eit organ dersom organet ikkje lenger oppfyller dei kriteria som er nemnde i vedlegg V. Han skal straks melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om dette.

4. Dersom ein medlemsstat eller Kommissjonen meiner at eit organ som er meldt av ein annan medlemsstat, ikkje oppfyller dei aktuelle kriteria, skal saka sendast over til Utvalet for elektroniske bompengar, som skal kome med ei fråsegn innan tre månader. I lys av fråsegna frå utvalet skal Kommissjonen informere dei medlemsstatane som det gjeld, om alle endringar som er naudsynte for at det melde organet skal kunne halde ved lag statusen sin.

*Artikkel 18***Samordningsgruppe**

Ei samordningsgruppe (heretter kalla «Samordningsgruppa») som omfattar dei organa som er melde i medhald av artikkel 17 nr. 1 i dette vedtaket, skal opprettast som ei arbeidsgruppe under Utvalet for elektroniske bompengar, i samsvar med møteføresegnene til utvalet.

Samordningsgruppa skal utarbeide og ajourføre ei fullstendig liste over standardar, tekniske spesifikasjonar og normative dokument som kan nyttast som grunnlag for å vurdere EETS-samverknads-komponentane med omsyn til spesifikasjonssamsvar og bruksdugleik. Samordningsgruppa skal vere eit forum for drøftingar av alle problem som kan oppstå i samband med framgangsmåtene for vurdering av spesifikasjonssamsvar og bruksdugleik, og for å leggje fram løysingar på desse problema.

*Artikkel 19***Register**

1. For føremåla med gjennomføringa av dette vedtaket skal kvar medlemsstat føre eit nasjonalt elektronisk register over følgjande:

- a) EETS-områda innanfor territoriet til medlemsstaten, medrekna opplysningar om
 - dei aktuelle bompengainnkrevjarane,
 - dei teknologiane som er nytta i samband med innkrevjing av bompengar,
 - innkrevjingsdata,
 - EETS-områdefråsegna,
 - dei EETS-utferdarane som har EETS-avtaler med dei bompengainnkrevjarane som driv verksemd på medlemsstaten sitt ansvarsområde.

Ein medlemsstat skal føre opp endringar i registeret over bompengainnkrevjarar, eventuelt medrekna den datoen då dei tek til å gjelde, straks etter at desse endringane er vedtekne, samstundes som det vert teke omsyn til vedlegg VI nr. 3 og 4.

- b) Dei EETS-utferdarane som medlemsstaten har registrert i samsvar med artikkel 3.

Med mindre noko anna er fastsett skal medlemsstatane minst ein gong i året kontrollere at krava i bokstav a), d), e) og f) i artikkel 3 og artikkel 4 nr. 2 framleis vert oppfylte, og ajourføre registeret i samsvar med dette. Registeret skal òg innehalde konklusjonane frå den revisjonen som er fastsett i artikkel 3 bokstav e). Ein medlemsstat skal ikkje haldast ansvarleg for handlingane til dei EETS-utferdarane som er førte opp i registeret hans.

2. Medlemsstatane skal gjere alle tiltak som er naudsynte for å sikre at alle opplysningar i det nasjonale elektroniske registeret er ajourførte og nøyaktige.
3. Registra skal vere elektronisk tilgjengelege for ålmenta.
4. Desse registra skal vere tilgjengelege seinast ni månader etter at dette vedtaket har teke til å gjelde.

5. Ved utgangen av kvart kalenderår skal dei styresmaktene som er ansvarlege for registra i medlemsstatane, på elektronisk måte sende registra over EETS-område og EETS-utferdarar til motpartane sine i dei andre medlemsstatane og til Kommissjonen. Registreringsstaten og Kommissjonen skal gjerast merksame på alle mishøve med omsyn til situasjonen i ein medlemsstat.

KAPITTEL VII

SLUTTFØRESEGNER

Artikkel 20

Forsøkssystem for bompengar

Med tanke på den tekniske utviklinga av EETS kan medlemsstatane på avgrensa delar av bompengområdet sitt og parallelt med det systemet som samsvarer med EETS, gje mellombels løyve til forsøkssystem for bompengar som omfattar ny teknologi eller nye konsept som ikkje er i samsvar med éi eller fleire av føresegnene i direktiv 2004/52/EF eller dette vedtaket.

Eit slikt løyve må godkjennast på førehand av Kommissjonen. Den første løyveperioden skal ikkje vare lenger enn tre år.

Det skal ikkje krevjast at EETS-utferdarar tek del i slike forsøkssystem for bompengar.

Artikkel 21

Rapport

Innan 18 månader etter at dette vedtaket har teke til å gjelde, skal Kommissjonen utarbeide ein rapport som viser framdrifta med omsyn til innføringa av EETS.

Artikkel 22

Adressatar

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 6. oktober 2009.

For Kommissjonen

Antonio TAJANI

Visepresident

VEDLEGG I

INNHALDET I EI EETS-OMRÅDEFRÅSEGN

Ei EETS-områdefråsegn skal innehalde følgjande opplysningar:

1. Eit avsnitt om dei krava som vert stilte til EETS-utførdarar, og som minst skal omfatte dei faste avgiftene som er pålagde EETS-utførdarane på grunnlag av dei kostnadene som bompenggeinnkrevjaren har for å tilby, drive og halde ved lag eit EETS-kompatibelt system på bompenggeområdet sitt når desse kostnadene ikkje er medrekna i bompengane.

Dette kan òg omfatte føresegner om bankgaranti eller eit tilsvarende finansielt instrument, som ikkje skal overstige det månadlege bompengetransaksjonsbeløpet som EETS-utførdaren betalar for dette bompenggeområdet. Beløpet skal fastsetjast på grunnlag av det samla bompengetransaksjonsbeløpet som EETS-utførdaren betalte for dette bompenggeområdet det føregåande året. For nye selskap skal beløpet reknast ut på grunnlag av det venta gjennomsnittlege beløpet per månad for bompengetransaksjonane som EETS-utførdaren skal betale for dette bompenggeområdet, i samsvar med talet på avtalar og det gjennomsnittlege bompengebeløpet per avtale som er utrekna etter forretningsplanen til EETS-utførdaren.

2. Eit avsnitt om ikkje-diskriminerande sakshandsamingsføresegner som minst skal omfatte følgjande:
 - a) Prinsipp for bompengetransaksjonar (godkjenningssparametrar, innkrevjingsdata, svartelister osv.).
 - b) Framgangsmåtar og ei avtale om tenestenivå (t.d. format for overføring av bompengedeklarasjonsdata, tidspunkt og intervall for overføring av slike data, godkjend prosentsetning for manglande/feilaktige bompengar, nøyaktige bompengedeklarasjonsdata, driftstilgangsnivå osv.).
 - c) Faktureringsprinsipp.
 - d) Betalingsprinsipp.
 - e) Forretningsvilkår, som skal avtalast ved tidlige forhandlingar mellom bompenggeinnkrevjaren og EETS-utførdaren, medrekna krav til tenestenivå.

VEDLEGG II

ROLLER OG GRENSESNIFF FOR PARTANE I EETS

1. EETS-brukarane har ingen direkte kontakt med bompenggeinnkrevjarane innanfor ramma av EETS-systemet. Kontakten mellom EETS-brukarane og EETS-utferdarane (eller køyretøyutstyret deira) kan vere spesifikk for kvar EETS-utferdar utan at det går ut over EETS-samverknadsevna.
2. Det er to kategoriar av elektroniske grensesnitt mellom EETS-utferdarar og bompenggeinnkrevjarar: Elektroniske grensesnitt ved vegen mellom køyretøyutstyret til EETS-utferdaren og det faste eller mobile utstyret til bompenggeinnkrevjaren, og elektroniske grensesnitt mellom dei høvesvise administrative systema.
3. Dei standardiserte grensesnitta ved vegen mellom køyretøyutstyret og det faste eller mobile utstyret til bompenggeinnkrevjaren, skal minst gjere følgjande mogleg:
 - a) Innkrevjingstransaksjonar ved bruk av DSRC (Dedicated Short-Range Communication).
 - b) Transaksjonar med samsvarskontroll i sanntid.
 - c) Posisjonsbetring (der det er relevant).EETS-utferdarar må ta i bruk alle desse tre grensesnitta i køyretøyutstyret sitt. Bompenggeinnkrevjarar kan ta i bruk nokre av eller alle desse grensesnitta i det faste eller mobile utstyret sitt ved vegen, i samsvar med krava som dei er underlagde.
4. Som eit minstekrav må alle EETS-utferdarar ta i bruk følgjande standardiserte administrative grensesnitt. Bompenggeinnkrevjarar må ta i bruk kvart av grensesnitta, men kan velje om berre GNSS (Global Navigation Satellite System) eller DSRC skal nyttast i innkrevjingsprosessane.
 - a) Utveksling av bompenggedeklarasjonsdata mellom EETS-utferdarar og bompenggeinnkrevjarar, særleg følgjande:
 - Oversending og validering av krav om bompenggebetaling basert på innkrevjingstransaksjonar ved bruk av DSRC.
 - Oversending og validering av bompenggedeklarasjonar ved bruk av GNSS.
 - b) Fakturering/oppgjjer.
 - c) Utveksling av opplysningar for å kunne handtere unntak
 - i innkrevjingsprosessen ved bruk av DSRC,
 - i innkrevjingsprosessen ved bruk av GNSS.
 - d) Utveksling av EETS-svartelister.
 - e) Utveksling av sikre objekt.
 - f) Oversending av innkrevjingsdata frå bompenggeinnkrevjarar til EETS-utferdarar.

VEDLEGG III

GRUNNLEGGJANDE KRAV

1. **Allmenne krav**1.1. *Tryggleik/helse*

Alle innretningar som er meinte for handsaming av brukarar, skal vere utforma på ein slik måte at dei ikkje hindrar sikker drift av innretningane eller skadar helse og tryggleiken til brukarane dersom dei vert nytta på ein føreseieleg måte som ikkje er i samsvar med dei fastsette tilvisingane.

1.2. *Pålitlsgrad og tilgang*

Overvakinga og vedlikehaldet av faste eller flyttbare komponentar som er knytte til verkemåten til EETS, skal tilretteleggjast og gjennomførast på ein slik måte og med eit slikt intervall at funksjonsevna til komponentane vert halden ved lag under dei vilkåra som dei er meinte for.

EETS skal vere utforma på ein slik måte at systemet frameis fungerer sjølv om det oppstår feil eller svikt i komponentane, eventuelt ved å nytte redusert driftsnivå, og med minst mogleg forseinking for EETS-brukarane.

1.3. *Miljøvern*

Køyretøyutstyret og den bakkebaserte infrastrukturen skal vere utforma og framstilt på ein slik måte at dei er elektromagnetisk kompatible med anlegg, utstyr og offentlege eller private nett som dei kan kome til å påverke.

1.4. *Teknisk kompatibilitet*

Dei tekniske eigenskapane ved utstyret til EETS-utferdarane og bompengeneinkrevjarane skal vere kompatible når utstyret har eit felles grensesnitt innanfor ramma av EETS.

1.5. *Tryggleik/personvern*

1. EETS skal syte for metodar som vernar bompengeneinkrevjarar, EETS-utferdarar og EETS-brukarar mot svik/misbruk.

2. EETS skal syte for tryggleiksfunksjonar for å sikre data som er lagra, handsama og overført mellom partane i EETS-miljøet. Desse funksjonane skal verne interessene til partane i EETS mot å verte skadelidande som følgje av manglande tilgang, fortruleg handsaming, integritet, autentisering, ikkje-nektning og tilgangsvern for sensitive brukardata, i samsvar med krava til eit europeisk fleirbrukarmiljø.

2. **Særlege krav**2.1. *Krav til infrastruktur*

2.1.1. Allment

2.1.1.1. For å sikre at brukarar overalt i Fellesskapet opplever samverknad mellom dei elektroniske bompengesystema, både dei som alt er innførte i medlemsstatane, og dei som skal innførast i framtida innanfor ramma av den europeiske elektroniske bompengetenesta, skal delsystemet for infrastruktur i EETS vere i samsvar med artikkel 2 nr. 1 og artikkel 4 nr. 3 i direktiv 2004/52/EF.

2.1.1.2. Infrastrukturen i EETS skal sikre nøyaktige bompengedeklarasjonsdata i samsvar med krava i bompengoordninga med sikte på å garantere lik handsaming av EETS-brukarar når det gjeld bompengar og avgifter (rettvis handsaming).

2.1.1.3. I samsvar med krava til EETS-grensesnitt som det er gjort greie for i vedlegg II, skal det innførast felles kommunikasjonsprotokollar mellom utstyret til bompengeneinkrevjarar og EETS-utferdarar. EETS-utferdarane skal gjennom samverkande kommunikasjonskanalar gje bompengeneinkrevjarane sikre opplysningar om bompengoperasjonar og kontroll/inndrivning i samsvar med gjeldande tekniske spesifikasjonar.

2.1.1.4. EETS skal gjere det mogleg for bompengeneinkrevjarar å kunne avgjere på ein enkel og eintydig måte om eit køyretøy som vert nytta i bompengeområdet deira, og som nyttar EETS ifølgje det som vert opplyst, faktisk er utstyrt med eit godkjent og fungerande EETS-køyretøyutstyr som gjev sannferdige opplysningar.

- 2.1.1.5. Køyretøyutstyret skal gjere det mogleg for bompenggeinnkrevjarane å identifisere den ansvarlege EETS-utferdaren. Køyretøyutstyret skal jamleg overvake denne funksjonen, deaktivere seg sjølv dersom det vert påvist eit avvik, og om mogleg melde frå til EETS-utferdaren om avviket.
- 2.1.1.6. Når det er relevant, skal EETS-utstyret vere utforma på ein slik måte at det vert nytta opne standardar for samverknadskomponentane som inngår i utstyret.
- 2.1.1.7. EETS-køyretøyutstyr skal ha eit grensesnitt som viser brukaren at køyretøyutstyret fungerer slik det skal, og eit grensesnitt for deklarerer av variable bompengparametrar og vising av innstillingane til desse parametranne.
- 2.1.1.8. Køyretøyutstyret skal vere integrert på ein sikker måte. Monteringa av utstyret skal oppfylle krava til køyretøy når det gjeld synsfelt framover⁽¹⁾ og innvendig utstyr⁽²⁾.
- 2.1.1.9. Når det er relevant, skal bompenggeinnkrevjarane informere førarane ved hjelp av vegskilt eller på annan måte, og særleg når dei køyrer inn i og ut av eit bompengområde, om at dei skal betale bompengar eller ei avgift for å nytte køyretøyet i bompengområdet.
- 2.1.2. Bompengsystem baserte på mikrobølgjeteknologi
- EETS-system som er baserte på mikrobølgjeteknologi, skal oppfylle krava i følgjande standardar:
- For EETS-utferdarar sitt køyretøyutstyr: både EN 15509 og ETSI ES 200674-1 med tilhøyrande tekniske rapportar for gjennomføring av protokollen.
 - For bompenggeinnkrevjarane sitt faste og mobile utstyr ved vegen: EN 15509. I Italia kan bompenggeinnkrevjarane sitt faste og mobile utstyr ved vegen i staden nytte ETSI ES 200674-1 med tilhøyrande tekniske rapportar for gjennomføring av protokollen.
- 2.1.3. Bompengsystem baserte på det globale satellitnavigasjonssystemet (GNSS)
- EETS-utferdarane skal overvake tilgangen til satellitbaserte navigasjons- og posisjonsdata.
- EETS-utferdarane skal melde frå til bompenggeinnkrevjarane om eventuelle vanskar med å fastsetje bompengedeklarasjonsdata knytte til mottak av satellittsignal. Bompenggeinnkrevjarane skal nytte dei mottekne opplysningane til å identifisere problemområde og, der det er naudsynt, syte for betre posisjonssignal etter avtale med EETS-utferdarane.
- 2.2. *Krav til drift og trafikkstyring*
1. EETS skal oppfylle krava i regelverket til Fellesskapet om personvern med omsyn til handsaming av personopplysningar og fri utveksling av slike opplysningar. Det skal særleg sikrast at det er samsvar med direktiv 95/46/EF og direktiv 2002/58/EF.
 2. Bompenggeinnkrevjarane og EETS-utferdarane skal utarbeide kriseplanar med sikte på å unngå omfattande forstyringar i trafikkflyten dersom EETS skulle vere utilgjengeleg.

⁽¹⁾ Kommissjonsdirektiv 90/630/EØF av 30. oktober 1990 om tilpasning til den tekniske utvikling av rådsdirektiv 77/649/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om motorvognføreres synsfelt (TEF L 341 av 6.12.1990, s. 20).

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/4/EF av 28. februar 2000 om endring av rådsdirektiv 74/60/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om innvendig utstyr i motorvogner (interiørdeler i kupeen unntatt innvendig speil, betjeningsinnretningenes utforming, tak eller skyvetak, ryggstøtte og bakside av seter) (TEF L 87 av 8.4.2000, s. 22).

VEDLEGG IV

SPESIFIKASJONSSAMSVARET OG BRUKSDUGLEIKEN TIL SAMVERKNADSKOMPONENTANE

EF-FRÅSEGN

1. Spesifikasjonssamsvar

For å vurdere om samverknadskomponentar (medrekna utstyr og grensesnitt ved vegen) oppfyller dei krava som er fastsette i dette vedtaket, og alle dei relevante tekniske spesifikasjonane, skal produsenten av samverknadskomponentane som skal nyttast i EETS, eller representanten hans, velje framgangsmåtar blant dei modulane som er førte opp i avgjerd 768/2008/EF. Produsenten skal deretter utarbeide ei EF-fråsegn om samsvaret mellom samverknadskomponentane og spesifikasjonane, eventuelt på det vilkåret at eit meldt organ utferdar eit typeprøvingssertifikat.

Alt etter kva modular for samsvarsvurdering i avgjerd nr. 768/2008/EF som er valde, skal EF-fråsegna om samsvar med spesifikasjonar omfatte produsenten si eiga vurdering, eller den vurderinga som eitt eller fleire melde organ har gjort for å slå fast om samverknadskomponentane isolert sett er i samsvar med dei spesifikasjonane som skal oppfyllest.

2. Bruksdugleik (samverknadsevna til tenesta)

Bruksdugleiken til samverknadskomponentane vert vurderte etter korleis dei fungerer eller vert nytta i drift, typisk integrerte i EETS-bompengesystemet på området til den eller dei bompenggeinnkrevjarane der køyreøytstyret skal nyttast i ein fastsett driftsperiode.

For å utføre ei slik typeprøving gjennom driftsrøynsle med sikte på å påvise samverknadsevna til samverknadskomponentane, skal produsenten, EETS-utferdaren eller ein representant

- a) anten samarbeide direkte med den eller dei bompenggeinnkrevjarane som krev inn bompengar på det området der køyreøytstyret skal nyttast. I så fall

skal produsenten, EETS-utferdaren eller ein representant

1. ta i bruk eitt (eller fleire) prøveeksemplar som er representative for den planlagde produksjonen,
2. overvake korleis samverknadskomponentane fungerer i drift gjennom ein framgangsmåte som er godkjend og underlagd tilsyn av bompenggeinnkrevjaren,
3. leggje fram prov for bompenggeinnkrevjaren på at samverknadskomponentane oppfyller alle krava hans knytte til samverknadsevne,
4. utarbeide ei fråsegn om bruksdugleik, på det vilkåret at bompenggeinnkrevjaren utferdar eit bruksdugleikssertifikat. Fråsegna om bruksdugleik omfattar ei vurdering frå bompenggeinnkrevjaren av bruksdugleiken til EETS-samverknadskomponentane i EETS-miljøet til denne bompenggeinnkrevjaren,

og bompenggeinnkrevjaren skal

1. godkjenne programmet for validering gjennom driftsrøynsle,
2. godkjenne framgangsmåten for overvaking av korleis samverknadskomponentane fungerer i drift på bompenggeområda hans, og utføre særlege kontrollar,
3. vurdere samverknadsevna under drift saman med systemet sitt,
4. attestere bruksdugleiken innanfor bompenggeområdet sitt dersom samverknadskomponentane fungerer tilfredsstillande,

b) eller vende seg til eit meldt organ. I så fall

skal produsenten, EETS-utferdaren eller ein representant

1. ta i bruk eitt (eller fleire) prøveeksemplar som er representative for den planlagde produksjonen,
2. overvake korleis samverknadskomponentane fungerer i drift gjennom ein framgangsmåte som er godkjend og underlagd tilsyn av det melde organet (harmonisert med tilhøyrande modular i avgjerd nr. 768/2008/EF),
3. leggje fram prov for det melde organet på at samverknadskomponentane oppfyller alle krava i dette vedtaket, medrekna resultatane frå driftsrøynsla,
4. utarbeide ei EF-fråsegn om bruksdugleik, på det vilkåret at det melde organet utferdar eit bruksdugleikssertifikat. EF-fråsegna om bruksdugleik omfattar det melde organet si vurdering av bruksdugleiken til EETS-samverknadskomponentane i EETS-miljøet til den eller dei utvalde bompengerevjarane, og særleg i dei tilfella som omfattar grensesnitt, i tilknytning til dei tekniske spesifikasjonane som skal kontrollerast, særleg dei som er av funksjonell art,

og det melde organet skal

1. ta omsyn til fråsegna om samsvar med spesifikasjonane. Difor skal det ved typeprøvinga av drift ikkje gjerast noka ny vurdering av dei typespesifikasjonane som alt er omfatta av samsvarsfråsegna, bortsett frå i tilfelle der det kan provast at problem som oppstår med manglande samverknadsevne, er knytte til slike spesifikasjonar,
2. leggje til rette for samarbeid med den eller dei bompengerevjarane som produsenten har valt ut,
3. kontrollere den tekniske dokumentasjonen og programmet for validering gjennom driftsrøynsla,
4. godkjenne framgangsmåten for overvaking av funksjonsmåten under drift og utføre særleg overvaking,
5. vurdere samverknadsevna under drift med systema og driftsprosessane til bompengerevjarane,
6. utferde eit bruksdugleikssertifikat dersom samverknadskomponentane fungerer tilfredsstillande,
7. utarbeide ein forklarande rapport dersom samverknadskomponentane ikkje fungerer tilfredsstillande. I rapporten skal det òg takast omsyn til dei problema som kan oppstå dersom systema og prosessane til bompengerevjarane ikkje er i samsvar med relevante standardar og tekniske spesifikasjonar. Dersom det er føremålstenleg, skal rapporten innehalde tilrådingar med sikte på løysing av problema.

3. Innhaldet i EF-fråsegnene

EF-fråsegnene om spesifikasjonssamsvar og bruksdugleik og dei tilhøyrande dokumenta, skal vere daterte og underskrivne.

Fråsegnene skal utarbeidast på det same språket som det som er nytta i tilvisingane, og dei skal innehalde følgjande opplysningar:

- a) tilvisingar til direktivet,
- b) namnet og adressa til produsenten, EETS-utferdaren eller representanten hans som er etablert i Fellesskapet (oppge firma og fullstendig adresse, og dersom det gjeld ein representant, skal det òg opplysast om firmaet til produsenten eller konstruktøren),
- c) opplysningar om samverknadskomponentane (merke, type, versjon osv.),

- d) opplysningar om kva framgangsmåte som vart vald for å utferde fråsegna om spesifikasjonssamsvar eller bruksdugleik,
 - e) alle relevante krav som samverknadskomponentane oppfyller, og særleg bruksvilkåra deira,
 - f) når det er relevant, namnet og adressa til bompeng einnkrevjarane / dei melde organa som medverkar i den framgangsmåten som vert nytta ved vurderinga av spesifikasjonssamsvar eller bruksdugleik,
 - g) når det er relevant, tilvising til dei tekniske spesifikasjonane,
 - h) opplysningar om underskrivaren som har fullmakt til å gjere bindande avtaler på vegner av produsenten eller representanten hans i Fellesskapet.
- _____

VEDLEGG V

MINSTEKRITERIUM SOM MEDLEMSSTATANE SKAL TA OMSYN TIL VED UTPEIKING AV MELDE ORGAN

- a) Organet skal vere akkreditert i samsvar med standardar i EN 45000-serien.
- b) Organet og det personalet som har ansvaret for kontrollane, skal utføre kontrollane med størst mogleg fagleg integritet og størst mogleg teknisk kompetanse, og skal ikkje vere underlagt press eller stimuleringstiltak, særleg av økonomisk art, som kan påverke dømekrafta deira eller inspeksjonsresultata, særleg frå personar eller grupper av personar som vert påverka av resultata av kontrollane.
- c) Organet, direktøren for organet og det personalet som har ansvaret for å utføre eller overvake kontrollane, skal ikkje medverke, verken direkte eller som representantar, i prosjektering, framstilling, bygging, marknadsføring eller vedlikehald av samverknadskomponentane eller i drifta av dei. Dette er ikkje til hinder for at tekniske opplysningar kan utvekslast mellom produsenten eller konstruktøren og det nemnde organet.
- d) Organet skal rå over eller ha tilgang til dei midla som krevst for å kunne utføre dei tekniske og administrative oppgåvene ved kontrollane på ein tilfredsstillande måte.
- e) Personalet som har ansvaret for kontrollane, skal ha
 - tilstrekkeleg teknisk og yrkesretta opplæring,
 - tilfredsstillande kunnskap om dei krava som gjeld for kontrollane som dei utfører, og tilstrekkeleg praktisk røynsle frå slike kontrollar,
 - kompetanse til å utarbeide sertifikat, protokollar og rapportar som utgjer den formelle dokumentasjonen på dei inspeksjonane som er utførte.
- f) Det skal sikrast at personalet som har ansvaret for kontrollane, er upartiske. Dei skal ikkje lønast verken på grunnlag av talet på utførte kontrollar, eller ut frå resultata av slike kontrollar.
- g) Organet skal teikne ansvarsforsikring, med mindre dette ansvaret vert dekt av staten i medhald av nasjonal lovgjeving, eller med mindre medlemsstaten sjølv er direkte ansvarleg for kontrollane.
- h) Personalet til organet har teieplikt med omsyn til alle opplysningar dei får kjennskap til under utføringa av oppgåvene sine (men ikkje overfor dei rette forvaltingsstyresmaktene i staten der dei utfører desse oppgåvene) i medhald av direktiv 2004/52/EF og dette vedtaket, eller føreseger i nasjonal lovgjeving som gjennomfører direktivet.

VEDLEGG VI

PARAMETRAR FOR KØYRETØYKLASSIFISERING**1. Allmenne føresegner**

- 1.1. Dei parametrane for køyretøyklassifisering som skal nyttast i EETS, skal ikkje avgrense bompengeneinnkrevjarane sitt val av takstsystem. Det skal vere mogleg for EETS å tillate at parametrane for klassifisering kan utviklast i samsvar med dei behova som kan tenkjast å oppstå i nær framtid.
- 1.2. Ein bompengeneinnkrevjar skal minst tre månader før eit takstsystem vert teke i bruk i eit bompengeområde som han har ansvar for, melde frå om korleis parametrane for køyretøyklassifisering som vert nytta, svarar til takstklassane for køyretøy, i samsvar med føresegnene i artikkel 19.
- 1.3. Ein bompengeneinnkrevjar skal offentleggjere korleis takstklassane for køyretøy svarar til takststrukturen for kvart av dei takstsystema som vert nytta i eit bompengeområde, i samsvar med føresegnene i artikkel 19.

2. Parametrar for køyretøyklassifisering

- 2.1. Utan at det rører ved nr. 1.1 i dei allmenne føresegnene ovanfor, kan ein bompengeneinnkrevjar nytte følgjande parametrar for køyretøyklassifisering:
 - a) alle målbare køyretøyparametrar som kan avlesast på ein eintydig måte av utstyret ved vegen,
 - b) alle køyretøyparametrar som er støtta av standardane EN 15509 og ETSI ES 200674-1 med tilhørande tekniske rapportar for gjennomføring av protokollen,
 - c) køyretøyparametrar som er obligatoriske i registreringsdokumenta for køyretøy⁽¹⁾, og standardiserte i CEN ISO/TS24534,
 - d) dei variable parametrane for køyretøyklassifisering som er i bruk i bompengesystem, t.d. talet på akslar (medrekna løftbare akslar), om køyretøyet har tilhengar osv.,
 - e) dei følgjande miljøparametrane:
 - utsleppsklassen til køyretøyet, dvs. miljøklassifiseringa i samsvar med rådsdirektiv 88/77/EØF⁽²⁾ og europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/38/EF⁽³⁾,
 - ein harmonisert CO₂-relatert parameter, t.d. den harmoniserte fellesskapskoden V.7 i registreringsdokumenta for køyretøy.
- 2.2. Når eit køyretøy vert nytta i eit bompengeområde, skal køyretøyutstyret kunne sende parametrane for køyretøyklassifisering og statusopplysningane om køyretøyutstyret til bompengeneinnkrevjaren sitt utstyr for overvaking av bompengedeclarasjonar.

⁽¹⁾ Rådsdirektiv 1999/37/EF av 29. april 1999 om registreringsdokumenta for kjøretøyer (TEF L 138 av 1.6.1999, s. 57).

⁽²⁾ Rådsdirektiv 88/77/EØF av 3. desember 1987 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om tiltak mot utslipp av forurensende gasser fra motorer med kompresjonstenning til bruk i kjøretøyer og utslipp av forurensende gasser fra motorer med elektrisk tenning som bruker naturgass eller flytende petroleumsgass, til bruk i kjøretøyer (TEF L 36 av 9.2.1988, s. 33).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/38/EF av 17. mai 2006 om endring av direktiv 1999/62/EF om avgifter på tunge lastebiler for bruk av visse typer infrastruktur (TEU L 157 av 9.6.2006, s. 8).

3. Nye parametrar for køyretøyklassifisering

Dersom ein bompenggeinnkrevjar vil innføre nye parametrar for køyretøyklassifisering, skal medlemsstaten der bompenggeinnkrevjaren er registrert, melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om dette. Kommissjonen skal leggje saka fram for Utvalet for elektroniske bompengar, som fastsett i artikkel 5 nr. 1 i direktiv 2004/52/EF, og kome med ei fråsegn innan seks månader, i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2004/52/EF.

4. Nye takstsystem

- 4.1. Dersom eit nytt takstsystem byggjer på parametrar for køyretøyklassifisering som alt er i bruk i minst eitt EETS-område, skal EETS-utferdarane ta i bruk det nye takstsystemet frå den datoen då det tek til å gjelde.
 - 4.2. Dersom det med eit nytt takstsystem vert innført ein eller fleire nye parametrar for køyretøyklassifisering, skal framgangsmåten i nr. 3 følgjast.
-